

Eksamen

20.11.2019

LBR3005 Økonomi og driftsleiing / Økonomi og driftsledelse

Programområde: Landbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	<p>Under eksamen skal du ha tilgang til dei skjema ein bruker til driftsplan</p> <ul style="list-style-type: none">• Produksjonstilskot• Eittårige kulturar K7• Fleirårige kulturar K8• Husdyrhold K9• Økonomisk oversikt for jordbruket P40 <p>(Skjema fra NIBIO/NILF)</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Du viser din kompetanse i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff, og grunngi dine synspunkt og ditt forslag til løysing av oppgåva• Trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dine faglege val• Meistre relevante grunnleggande ferdigheiter• Bruke eksempel der det er relevant• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein hensiktsmessig og påliteleg måte
Andre opplysningar	Det er 5 oppgåver. Du skal svare på alle.

Case

Pål (36) har overteke familiegarden Plassen. Han er utdanna agronom og økonom, og er gift med Pia (34) som er røyrleggar. Pål og Pia er begge svært interesserte i gardsdrift. Dei har to born som er 10 og 12 år gamle.

Garden har følgande ressursar:

- 250 dekar fulldyrka jord i god hevd. Dette er myrjord og moldholdig sandjord.
- 40 dekar innmarksbeite
- 1600 dekar utmark, av dette er 900 dekar produktiv skog
- Det er moglegheitar for nydyrking av omlag 50 dekar myrjord
- Det er også mogleg å få leiga 200 dekar dyrka mark hjå ein nabo. Naboen vurderar sal av denne jorda
- Driftsbygning for sau er frå 1979
- Det er i dag 200 vinterfôra sau på garden. (Salsverdi buskap er 150.000,- i tilfelle sauedrifta skal avviklast)
- Det står ein gamal båsfjøs for ku på garden frå 1960
- Melkekvoten i dag er på 140 tonn og er leigd vekk ut 2019
- Reiskapshus frå 1993 på 150 kvadratmeter
- Traktorar og maskiner er i grei stand, men utstyret er generelt noko gammalt

Kvar garden ligg i Noreg, og øvrige opplysningar du treng for å løyse oppgåvene nedanfor, avgjer du sjølv.

Oppgåve 1

Pål og Pia vurderar kva for produksjon(ar) dei skal fortsette med på garden. Eller om dei skal starte med nye produksjonar.

Dei er opptekne av å vere i forkant av marknadsutvikling og politiske avgjersler for å ta dei riktige vala med tanke på drift og økonomi.

Garden og det dyrka arealet skal framleis drivast av Pål og Pia.

Dei vil framleis ha husdyrproduksjon på garden.

Ut frå dette og andre forhold du meiner har betydning, skal du hjelpe dei med å gjere eit grunnleggjande val av:

- a) driftsform
- b) bruk av areal
- c) kva slags husdyrproduksjon(ar) det skal drivast med
- d) antal husdyr på garden

Grunngi svara!

Oppgave 2

Med bakgrunn i case og vala du gjorde i oppgave 1, skal du hjelpe Pål og Pia med å lage ei enkel økonomisk oversikt for garden. Oversikta skal settast opp for første heile år etter at dei er komne i full drift på garden. Bruk dekningsbidragsmetode.

Dekningsbidrag og økonomisk oversikt kan fyllast ut på vedlagte skjema fra NIBIO, eller i form av oppstilling i rekneark, på papir eller tekstbehandlar. Svara må ta utgangspunkt i Case og oppgave 1.

Set opp eit enkelt dekningsbidrag for produksjonan(e) du valde. Vis utrekningar.

a) Rekn ut produksjonstilskot:

- Areal- og Kulturlandskap
- Husdyr
- Avløyning
- Beitetilskot og utmarkbeitetilskot
- Eventuelt driftstilskot
- Eventuelt tilskot for små og mellomstore melkebruk

Bruk tal frå vedlegg 1. Vis utrekningar. Andre tilskot enn desse skal ikkje bereknast, men du kan nemne dei om du kjenner til dei.

b) Anslå faste kostnader og avskrivningar og finn driftsoverskot.

c) Vurder driftsoverskot. Ser det ut som det er riktig val av produksjon(ar). Grunngi svaret.

Oppgave 3

Vel eitt av punkta (A-F) nedanfor.

- a) Beskriv risiko i ei landbruksbedrift for punktet du har valt, og lag risikoanalyse. Bruk gjerne sannsynlegheits- og konsekvensvurdering som metode.
- b) Vurder tiltak som kan redusera risiko ut frå risikovurderinga.

- A. Brann, eksplosjon, ras og naturkatastrofe
- B. Personulykke, sjukdom på folka på garden
- C. Fallande prisar eller avsetningsvanskar
- D. Avlingssvikt
- E. Sjukdom på dyr, nedslakting
- F. Finansiell risiko – Aukande rente, val av lånetype/ leasing

Oppgave 4

Nedanfor kan du sjå resultat frå nabogarden. I grove trekk framstår jordbruksdrifta for åra 2017 og 2018 slik:

Salgsinntekter	2017	2018
Melk	1 000 000	900 000
Slakt	300 000	400 000
Korn	200 000	100 000
Tilskot		
Tilskot	500 000	500 000
Sum inntekter	2 000 000	1 900 000
Kostnader		
Variable kostnader	700 000	850 000
Faste kostnader utan avskrivningar	600 000	600 000
Avskrivningar	250 000	250 000
Driftsoverskot	450 000	200 000

- Kva er det samla dekningsbidraget i jordbruket for kvart av dei to åra?
- På nabogarden har dei eit mål om mest mulig jamn inntekt. Nemn ein aktuell moglegheit for regulering av næringsinntekta (driftsoverskot).
- Kva kan dei oppnå ved å regulera næringsinntekta (driftsoverskotet)?

Oppgave 5

Du har ein 15 år gammal traktor på som har gått 3000 timar. Den er ein god gammal slitar av ein traktor, men med god funksjonalitet. Rett nok må den same kjende feilen reparerast sånn om lag kvart år. Du tenker at viss du hadde ein meir driftssikker traktor, kunne du teke på deg meir leigekjøring og tent meir på det.

- Den gamle traktoren din er verd 200.000,- + MVA.
- Det ekstraordinære vedlikehaldet på den gamle traktoren kostar kr 12.000,- pluss MVA kvart år.
- Den nyare traktoren du vurderar å kjøpa kostar kr 600.000,- + MVA.

Vel andre nødvendige føresetnader sjølv.

- Lag to ulike investeringskalkylar som grunnlag for di vurdering. (Bruk gjerne gjennomsnittsmetoden).
- Set opp og grunngi dine føresetnader for kvar av dei to kalkylane.
- Skriv korleis du vurderar resultata av kalkylane. Kva val vil du lande på?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	<p>Under eksamen skal du ha tilgang til de skjemaene man bruker til driftsplan</p> <ul style="list-style-type: none">• Produksjonstilskudd• Ettårige kulturer K7• Flerårige kulturer K8• Husdyrhold K9• Økonomisk oversikt for jordbruket P40 <p>(Skjema fra NIBIO/NILF)</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Du viser din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkt og ditt forslag til løsning av oppgaven• Trekke inn ulike synspunkt og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven• Redegjøre for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg• Mestre relevante grunnleggende ferdigheter• Bruke eksempel der det er relevant• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig og pålitelig måte
Andre opplysninger	Det er 5 oppgaver. Du skal svare på alle.

Case

Pål (36) har overtatt familiegården Plassen. Han er utdannet agronom og økonom, og er gift med Pia (34) som er rørløgger. Pål og Pia er begge svært interessert i gårdsdrift. De har to barn som er 10 og 12 år gamle.

Gården har følgende ressurser:

- 250 dekar fulldyrket jord i god hevd. Dette er myrjord og moldholdig sandjord.
- 40 dekar innmarksbeite
- 1600 dekar utmark, hvorav 900 dekar produktiv skog
- Det er muligheter for nydyrking av omlag 50 dekar myrjord
- Det er også mulig å få leie 200 dekar dyrka mark hos en nabo. Naboen vurderer salg av denne jorda
- Driftsbygning for sau er fra 1979
- Det er i dag 200 vinterfôra sau på gården. (Salgsverdi buskap er 150.000,- i tilfelle sauedrifa skal avvikles)
- Det står en gammel båsfjøs for ku på gården fra 1960.
- Melkekvoten i dag er på 140 tonn og er leid bort ut 2019
- Redskapshus fra 1993 på 150 kvadratmeter
- Traktorer og maskiner er i grei stand, men utstyret er generelt noe gammelt

Hvor gården ligger i Norge, og øvrige opplysninger du trenger for å løse oppgavene nedenfor, avgjør du selv.

Oppgave 1

Pål og Pia vurderer hvilke(n) produksjon(er) de skal fortsette med på gården. Eller om de skal starte med nye produksjoner.

De er opptatt av å være i forkant av markedsutvikling og politiske beslutninger for å ta de riktige valgene med tanke på drift og økonomi.

Gården og det dyrka arealet skal fremdeles drives av Pål og Pia.

De vil fremdeles ha husdyrproduksjon på gården.

Ut fra dette og andre forhold du mener har betydning, skal du hjelpe dem med å gjøre et begrunnet valg av:

- a) driftsform
- b) bruk av areal
- c) hva slags husdyrproduksjon(er) det skal drives med
- d) antall husdyr på gården.

Begrunn svarene!

Oppgave 2

Med bakgrunn i case og valgene du gjorde i oppgave 1, skal du hjelpe Pål og Pia med å lage en enkel økonomisk oversikt for gården. Oversikten skal settes opp for første hele år etter at de er kommet i full drift på gården.

Bruk dekningsbidragsmetode.

Dekningsbidrag og økonomisk oversikt kan fylles ut på vedlagte skjema fra NIBIO, eller i form av oppstilling i regneark, på papir eller tekstbehandler.

Svarene må ta utgangspunkt i Case og oppgave 1.

Sett opp et enkelt dekningsbidrag for produksjonen(e) du valgte. Vis utregninger.

a) Regn ut produksjonstilskudd for:

- Areal- og Kulturlandskap
- Husdyr
- Avløsning
- Beitetilskudd og utmarkbeitetilskudd
- Eventuelt driftstilskudd
- Eventuelt tilskudd for små og mellomstore melkebruk

b) Bruk tall fra vedlegg 1. Vis utregninger. Andre tilskudd enn disse skal ikke beregnes, men de kan nevnes om du kjenner til dem.

c) Anslå faste kostnader og avskrivninger og finn driftsoverskudd.

d) Vurder driftsoverskudd. Ser det ut som det er riktig valg av produksjon(er). Begrunn svaret.

Oppgave 3

Velg ett av punktene (A-F) nedenfor.

- a) Beskriv risiko i en landbruksbedrift for punktet du har valgt - og lag risikoanalyse. Bruk gjerne sannsynlighets- og konsekvensvurdering som metode.
 - b) Vurder tiltak som kan redusere risiko ut fra risikovurderingen.
-
- A. Brann, eksplosjon, ras og naturkatastrofe
 - B. Personulykke, sykdom på folkene på garden
 - C. Fallende priser eller avsetningsvansker
 - D. Avlingssvikt
 - E. Sykdom på dyr, nedslakting
 - F. Finansiell risiko – Økende rente, valg av lånetype/ leasing

Oppgave 4

Nedenfor kan du se resultater fra nabogarden. I grove trekk framstår jordbruksdriften for årene 2017 og 2018 i grove:

Salgsinntekter	2017	2018
Melk	1 000 000	900 000
Slakt	300 000	400 000
Korn	200 000	100 000
Tilskudd		
Tilskudd	500 000	500 000
Sum inntekter	2 000 000	1 900 000
Kostnader		
Variable kostnader	700 000	850 000
Faste kostnader uten avskrivninger	600 000	600 000
Avskrivninger	250 000	250 000
Driftsoverskudd	450 000	200 000

- Hva er det samlede dekningsbidraget i jordbruket for hvert av de to årene?
- På nabogarden har de et mål om mest mulig jamn inntekt. Nevn én aktuell mulighet for regulering av næringsinntekten (driftsoverskuddet).
- Hva kan de oppnå ved å regulere næringsinntekten (driftsoverskuddet)?



Oppgave 5

Du har en 15 år gammel traktor på som har gått 3000 timer. Den er en god gammel sliter av en traktor, men med god funksjonalitet. Riktig nok må den samme kjente feilen repareres sånn omtrent hvert år. Du tenker at hvis du hadde en mer driftssikker traktor, kunne du tatt på deg mer leiekjøring og tjent mer på det.

- Den gamle traktoren din er verdt 200.000,- + MVA.
- Det ekstraordinære vedlikeholdet på den gamle traktoren koster kr 12.000,- pluss MVA hvert år.
- Den nyere traktoren du vurderer å kjøpe koster kr 600.000,- + MVA.

Velg andre nødvendige forutsetninger selv.

- Lag to ulike investeringskalkyler som grunnlag for din vurdering. (Bruk gjerne gjennomsnittsmetoden).
- Sett opp og begrunn dine forutsetninger for hver av de to kalkylene.
- Skriv hvordan du vurderer kalkylenes resultater. Hvilke valg vil du lande på?



www.vigoiks.no/eksamen